

#velkommentilvik

Sommaravisa

VIK I SOGN 2025

SamalostTM
festivalen



Fres



Norsk
Bringebærfestival



Vik kommune



VERDSARV
Vestnorsk fjordlandskap



NÆRØY
FJORDEN
VERDSARVPARK

VERDSARVKOMMUNE

God sommer!

Gamalostfestivalen 31.05–09.06

PROGRAM

LAURDAG 31. MAI

2000 Konsert i Vikjahalli

FREDAG 6. JUNI

1130 Fredagskafé med gamalostmisjonær Kristin Glück-Evensen

1900 Kulturkveld Vikjahalli (1)

2100 Kulturkveld Vikjahalli (2)

2245 Dans Vikjahalli med Gamlekara

LAURDAG 7. JUNI

0930 Frukost kommuneplassen, 50 kr pr pers.

0930 Vik Musikklag spelar på kommuneplassen

1000 Sogn Sparebank deler ut gåver, Årets idrettsutøver

1100-1300 Fiskekonkurrans for born på kaien

0930-1500 R. Johnsgalleriet sel foto, kunstbilde, lokallitteratur

1100 Kristianhus ope for publikum

1200 Musikk og song ved meieriet

1200 Gamalostkoking ved meieriet ved Ragnar Hove

1800 Konsert i Blixhalli m/Vik Musikklag, Gamlekara og Gygrene

2100 Utekoncert på Nyetorget med Ein te, Krutrøyk og Crashville

Boder langs nausttrekkja og andre stader

SUNDAG 8. JUNI

1200 Jubileumsgudsteneste Kvamsøy kyrkje

1200 Vandring Vikøyri frå Kaikanten v/Arne Inge Sæbø.
50 kr pr pers.

1700 Konsert med Vik Songlag i Vikjahalli

1900 Quiz på Blix hotell v/Anne Mårdalen

MÅNDAG 9. JUNI

1445 Innviing av nytt garderobeanlegg

1500 Fotballkamp Vik-Balestrand

Stavkyrkja og Hove kyrkje er opne både laurdag og sundag.
For Hove kyrkje frå kl 1100 til kl 1600, då kan ein få sjå Hove-madonnaen.

Sjå meir: www.gamalostfestivalen.no

BILLETTSAL

I år føregår alt førehandssal av billetter berre på nettet til kulturkvelden fredag, konserten i Vik kyrkje og konserten med songlaget. Billetter får ein kjøpt og betalt ved å gå inn på heimesida til Gamalostfestivalen, www.gamalostfestivalen.no. Då må ein gje opp kva arrangement ein kjøper billett til. Elles kan ein kjøpa billetter i døra ved å møta opp før arrangementi. Billettpris 300 kr.

FRUKOSTEN

50 kr pr person. Inntektene går til lag og organisasjonar.



Velkommen til frukost på kommuneplassen laurdag.



blIX HOTELL



Crashville, Krutrøyk og Ein Te



Utekoncert med Crashville, Krutrøyk og Ein Te

Laurdag 7. juni 2025. Portane opnar kl. 20.00.
18 år aldersgrense.

Billetter på TicketCo.no

Arrangementet er eit samarbeid mellom
Dampen Pub og Blix hotell.
Velkomne!

Gode sambygdingar!

Då var tida kommen for å skriva ei helsing frå ordføraren i Sommaravisa. Dette er årvisst, og det er ikkje alltid lett å skriva om nye ting kvar gong, men eg gjer eit forsøk.

Sommaren er i anmarsj og våren kom veldig tidleg i år. Me legg bak oss ein sær snøfattig vinter, til glede for nokre men ikkje for andre. For vegfarande og då spesielt for fjellovergangen vår så er det godt at den er mest mogeleg open slik som den har vore denne vinteren, for skisenteret vårt på Kålsete er det ikkje bra at snøen uteblir. Dette er sannsynlegvis noko som me må rekna med skjer hyppigare framover då det er liten tvil om at klimaendringane gjer sitt til at vi får mildare og våtare vintrar. Desse endringane fører og med seg hyppigare og større naturhendingar som ras og flaum både på vegane våre og i naturen elles. Berre det siste året har kommunen vore samla i sokalla krisestab 4 gonger på grunn av flaum, ras og stengde vegar. Kommunen er heile tida i beredskap viss noko hender, og vi har sær dyktige folk på kommunalteknikk som er ute og jobbar dag og natt når noko skjer. Ein kan ikkje få rosa desse solide folka nok, utan dei så hadde resultata av hendingane vortne mykje verre. Lokale entreprenørar, Sognekraft og Statkraft er og heilt avgjerande i beredskapssamheng når noko skjer. Takk til alle som stiller opp når uveret herjar.

So ser vi og at ved slike hendingar så kan dette rasera mykje av grunnlaget som ein har bygd opp over lang tid. På Dale i Feios så tok elva store delar av den beste slåttemarka på garden. Formannskapet var der på synfaring og fekk sjå kva for krefter som er i gong når naturen ikkje spelar på lag. Rett og slett eit trist syn. Så vert det ikkje betre av at staten ikkje klarar å handtera erstatningane for slike hendingar på ein rask og effektiv måte. Her er det eit etterslep på saker som gjer at ein må venta i år før ein får oppgjer og er i stand til å rydda opp att. Dette må vi få gjort noko med, og eg som ordførar har lyfta dette opp politisk og håpar at det vert ei betring. Då er det ikkje mindre imponerende å sjå at bonden sjølv satsar vidare og byggjer ny driftsbygning sjølv om ting buttar i mot.

Når eg fyrst er inne på klimaendringane så tillet eg meg å sjå dette også i samheng med den auka straumen av turistar som kjem til Norge og til oss her i Sogn og i Vik. Klimaflyktningar er eit relativt nytt omgrep, og har sin årsak i dei stadige heitebølgjene lenger nede i Europa. Turistane kjem til oss for å kjøla seg ned i tillegg til å sjå på alt det flotte me har å tilby turistane. Cruiseanløpa vert stadig fleire, noko som og delvis har sin årsak i restriksjonane i Nærøfjorden. Vik har eit stort potensiale for å verta ein solid turistkommune og skapa grunnlag for ei næring som vi ikkje har utnytta til no. Men, alt dette må vera berekraftig og vi må ikkje ta i mot meir enn kva som er fornuftig og som kommunen toler. Som ein stor landbrukskommune så er det eit paradoks at store cruiseskip ligg med motorane i gong nede på bukta medan bøndene i kommunen heile tida får krav på seg til å redusera klimautslepp. Eg er ikkje i mot cruiseskip, men her må ein bruka sunn fornuft. Matproduksjon og sjølvberging er trass alt det viktigaste av alt, og spesielt i dei tidene vi er i no med krig i Europa, ein krig som er skremmande nær oss, midt i hjarta av Europa, og med eit aggressivt Russland som vårt naboland.

I kommunen har me teke i mot mange flyktningar frå Ukraina, folk som har flykta for å redda livet. I tillegg så skal Vik opna opp att tiltaket for einslege mindreårige flyktningar. Dette vert opna opp att den 1. august i år og vil då verta heimen til 5 unge gutar i alderen 9-15 år. Det er vår plikt til å vera med å hjelpa folk i naud, og eg er stolt over at me bur i ein kommune som yter så mykje som me er i stand til. Tatjana frå Ukraina heldt appellen på arrangementet 1. mai. Dette var sterk kost for alle og fleire i salen måtte turka tårane. Ho heldt appellen på norsk, og fortalde ein historie som var rystande. Imponerende godt gjort av ho.

Izat-saka er ei sak som har oppteke mange i Vik og i heile Sogn. Endeleg fekk den si rettmessige avslutning, Izat har fått opphald til 2028 og kan søkja om permanent statsborgarskap i 2026. Ein lang kamp som heldigvis fekk ein lukkeleg slutt. Izat er ein flott ung mann som har heile livet framfor seg, alternativet ved eit fortsatt nei til opphald veit vi, det hadde vore ein retur til Afghanistan og rett i armene på Taliban.



Alt dette minner meg ofte på kor godt vi har det i Norge og i vår kommune. Ja, vi kan klaga over mykje som at kommuneøkonomien vert trongare, at alt er dyrare, at renta er høg, at vi ikkje kjem oss fram om vinteren og så vidare. Alt dette må det jobbast med heile tida, men sett i eit perspektiv så har vi det veldig godt. Og no er det ikkje lenge til vi skal opna neste bygg på det nye og flotte helse og omsorgssenteret vårt. Den 15. mai skjer dette, og kommunestyret vil halda møtet sitt i dette nye bygget.

Avslutningsvis så vil eg minna alle om at det skjer mykje i Vik i sommar også. Alle festivalane er slik som før, byrjar med Gammalostfestivalen, so Fres Festival, og avsluttar med Bringebærfestivalen. Dette i tillegg til at det er fullt køyr på idrettsbana i heile sommar med alt frå miniputtar til seniornivå på både jente og gutesida, både fotball og rugby og friidrett.

Ha ein strålende sommar.
Ordføraren

Roy Egil Stadheim
Ordførar

Helsing frå kommunedirektøren

Det er vel eitt år sidan eg tok vegen frå Fedje for å verta vikar som kommunedirektør i Vik. I september tilsette kommunestyret meg i fast stilling og i desember fylte eg 67 år. Det er jo litt «kjerringa mot straumen» å restarta seg sjølv på tampen av arbeidslivet.

Oppgåvene, utfordringane og behovet til Vik passa med erfaringane mine kombinert med håp og tru på å ha noko å tilføra kommunen. I tillegg kjende eg meg ikkje heilt ferdig i arbeidslivet. Det har vore eit hektisk og spennande år, med mykje å setja seg inn i, mykje å læra og forstå, men mest av alt har det vore veldig interessant og kjekt.

Min oppgåve som kommunedirektør er å spela ein sentral rolle i gjennomføring av kommunen sitt samfunnsoppdrag. Eg skal både leia og koordinera den kommunale administrasjonen for å sikra at tenestene og utvikling skjer i tråd med politiske vedtak, lover og samfunnets behov. Samarbeidet med politikarane og særleg ordføraren er særskild viktig, både i høve å gi faglege råd og leggja til rette for at vedtak både vert gjennomført og sett i verk på ein god måte.

Ein kommune er ikkje berre ei administrativ eining – det er eit levande lokalsamfunn, forma av menneska som bur der, av historia som ligg bak, og av visjonane for framtida.

I Vik har me nokre område som vert særskild viktige for framtetter:

- Kampen om arbeidskrafta/kompetanse
- Vera ein attraktiv kommune for vekst og tilflytting
- Få meir ut av dei pengane me rår over- økonomisk berekraft
- Utvikla og ta i bruk dei viktige næringsareala som er sett av i kommuneplanen til arbeidsintensive arbeidsplassar.

Eit attraktivt samfunn er grunnlaget for vekst og trivsel. Menneske søker stadar der dei kan leve gode liv, finne fellesskap og oppleve kvalitet i kvardagen. Jobb til to (par), gode møteplassar, gode bustadtilbod, naturnære opplevingar og aktiv samfunnsdeltaking skaper eit miljø for ikkje berre dei som bur her frå før, men også for dei som ønskjer å flytte til.

God økonomisk styring handlar om kunsten å få mest mogleg ut av dei ressursane kommunen rår over. I Vik til liks med kommune- Noreg elles vil gapet mellom forventningar og ressursar veksa. På papiret er Vik rekna som velstående, men biletet er meir nyantert enn som så. Kommunen har høge kraftinntekter. Alle inntektene frå sal av konsesjonskraft er nytta inn i drifta. Høg lånegjeld grunna store investeringar i nytt Helse og omsorgssenter gjer at kommunen óg har høge bundne utgifter. Innbyggjartalet går ned, og overføringane frå staten vert redusert som følgje av dette. Det er trong for økonomisk omstilling.

Reduksjonar i drifta skal skje gradvis fram mot 2028, og litt enkelt sagt er det gjort vedtak om at kommunen skal driftast 25 mill kr rimelegare frå 2028. Arbeidet med den økonomiske omstillinga er allereie godt i gang. Det har pågått eit omfattande driftstilpassingsprosjekt med 40 tilsette som har jobba i perioden november 2024 til februar 2025 for å finna handlingsrom og tiltak for driftsreducerande tiltak. Kva tiltak som skal setjast i verk skal kommunestyret ta stilling til 12. juni.

Næringsutvikling og reiselivssatsing gir økonomisk vekst og arbeidsplassar. Ein kommune med attraktive næringsareal og som tek imot nye verksemdar, gjev óg gode vekstvilkår for eksisterande næringsliv, aukar tilflytting, reduserer fråflytting og styrkar attraktiviteten. Heilårs- reiselivsutvikling borgar for økonomisk vekst, skapar nye møteplassar og opplevingar både for gjester og innbyggjarane i Vik.

I Vik har me låg arbeidsløyse, høg yrkesdeltaking, og eit sterkt engasjement for integrering av flyktningar. 1. august opnar me mottak for fem einslege mindreårige flyktningar. Bygging av Vik Helse og Omsorgssenter vert ferdigstilt i 2026 og vil



markera eit viktig steg for framtida – eit moderne omsorgssenter som skal sikre kvalitet og tryggleik for dei eldre.

Dei næraste åra har kommunen store utfordringar, men óg moglegheiter til å styrka lokalsamfunnet for vidare vekst og utvikling. Revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel vert avgjerande for å leggje kursen mot 2030 og vidare. Når planen vert vedteken mot slutten av 2025, vil han vere eit kompass for vidare utvikling og prioriteringar.

Det er å håpa me får ein fin sommar med god festivalstemning, mykje folk og godt vær når gamalost- bringebær- og Fresen-festivalen vert gjennomført. Desse festivalane vert drivne med mykje dugnadsarbeid og engasjement frå folk som brenn for lokalsamfunnet. Dette trur eg ligg i ryggmargen til eldsjelene som bur i både bygdene og kommunesenteret- vekse fram gjennom generasjonar og med lange tradisjonar.

God sommar til alle.
Beste helsing
Siri Fahlvik Pettersen
Kommunedirektør

Mari Askvik på opningskonsert til Gamalostfestivalen

VIKJAHALLI LAURDAG 31. MAI KL. 20

Mari Askvik hugsar du sikkert frå Madonnakonserten i Hove-kyrkja. I tillegg kom ho att etterpå, i lag med Kari Malmanger, med to flotte konsertar om Maria-songane våre. Før det var ho i Hovekyrkja med konsertserien "5 i stein". Den serien gjekk i dei fem gamle steinkyrkjene i Sogn, Dale i Luster, Leikanger, Aurland, Kvamsøy og Vik. Kvar gong drog Mari Askvik fullt hus.

Mesteparten av oppveksten sin hadde Mari i Aurland, der faren var prest, og ivrig medlem i Aurland spelemannslag. Seinare vart faren prest på Leikanger. Mari tok høgaste utdanning i klassisk song, og har vore ettertrakta på store konsertar i inn- og utland.

No har Mari Askvik fått statens kunstnarstipend. I det høvet tek ho songtimar hjå dei flinkaste folkesongarane våre. Såleis er

gamle folketonar frå Sogn under lupa, seier ho.

Med seg har ho 4 musikarar på strenginstrument, gamle strenginstrument. Det er Ingrid Økland på hardingfele og barokkfiolin. Ho har også statens arbeidsstipend for kunstnarar, for å fordjupa seg i musikken. Med andre ord får me gjesting av to av våre fremste nasjonale musikarar, så flinke musikarar, at staten tek ansvar for å lyfta dei endå lenger fram.

Vidare kjem Mari Giske, på barokkbratsj. Ho har utdanningi si frå Nederland, og har åtte år som frilandsmusikar i London, no spelar ho i Vik, på nyslipt golv i Vikjahalli.

Gunnar Hauge på barokkcello. Vanlegvis fartar han rundt i inn og utland med celloen sin. Det er mange som vil ha han med seg i samspelet sitt. No er det me i Vik som er så heldige.

Thomas Boysen spelar lutt. Er du usikker på kva lutt er, så er det

yndlingsinstrumentet til Jakob Sande. Sjølv spelte han lutt i staden for gitar. Thomas fartar til vanleg rundt heile kloden med lutten sin, med konsertar i USA, Mexico, Cuba, Hong-Kong, Sør-Korea og Europa. Han har vore med på over 60 plateinnspelningar. Slå den du?

Heile gruppa kallar seg "SØLV". Folkemusikken vår og den gamle barokkmusikken har svært mykje til felles. Gjetargutane i Italia og Stølsheimen hadde dei same dyri og den same urørde naturen rundt seg. Det same hadde budeiene som lokka heim kyrne. Dette "samspelet" er utgangspunktet og opphavet til denne konserten. Resten får du oppleve i Ungdomshuset helgi før sjølve festivalen. Dette er oppspel til sjølve Gamalostfestivalen. Muskarane kjem eins ærend til Vik for denne konserten. Billettsal i døri, eller gjennom Gamalostfestivalen, føreåt.

Tilskiparar er Vik Folkeakademi og Gamalostfestivalen
jb



Lotteri

Som vanleg blir det eit lotteri under Gamalostfestivalen. Fotballgruppa vil gå rundt og selja lodd. Mange premiar. Ta raust imot loddseljarane, inntekta går til fotballgruppa.

Fredagskafeen fredag 6. juni på Blix hotell

Kristin Glück-Evensen kåserer om gamalosten.

Kristin kjem på Fredagskafeen under Gamalostfestivalen. Ho er tidlegare budeie og avløyssar, har utdanning innan lokal matkultur, har drive fjellstove og arbeidd med mat og matkultur i ei årrekke. Dei siste fem åra har ho via til mjølkeforedling med særleg fokus på norske ystetradisjonar, stølskultur og aktualisering av tradisjonen inn mot hippe restaurantar, fine dining og oppskrifter til heimekjøkken. For Kristin er gamalosten sjølv Kongen av både norsk ystetradisjon, men også av norsk matkultur generelt. Kvifor og korleis ho har engasjert seg i aktualiseringa av nettopp gamalosten, får du høyre meir om i dette foredraget.

Kristin er levande engasjert i matkultur, som for henne representerer både tradisjon og innovasjon. Fortid møter framtid, gamalost møter Maaemo.



Kulturkvelden fredag 6. juni

“Fram dansar ein haugkall”

Når haugkallen kjem dansande, då er det teikn på ustyrlig gleda hjå dei underjordiske. Toppen på optimisme er det når haugkallen set gullring i håret og prøver seg på eit frieri, og vil lokka Veslemøy med seg inn i haugen. Der skal ho få sitja brur, i silke og sylv so det bragar – å hildrande du! Og haugkallen i år er sjølvaste Ragnar Hove. Og før haugkallen har fått pynta seg ferdig, er det Ottar Wiik som syng innleiingi.

Frå teatergruppa i Vik Ungdomslag er det Hilde Espeland som skal lokkast inn i Blåhaugen.

Vidare får de oppleve folkeeventyret “Kjerringi mot strau-men”. Eventyret er nedskrive av sjølvaste Peter C Asbjørnsen i Hafslo 1847. Med andre ord er det ei sognakjerring som er førebilete for dei stride kjerringane i ettertid, eller sagt med Andre Bjerke sine ord

Hun er av dem jeg gjerne vil kjenne,

Det beste i oss er i slekt med henne.

Teatergruppa til Vik Ungdomslag tek seg av dramatiseringane på kulturkvelden. Gamalostmisjonær Kristin Glück-Evensen fortel frå misjonsmarki, der alt for mange et gulost.

Gunhild Brekke syng oss gjennom “Eg ser deg utfor gluggen”. Det handlar om eit trekantdrama, eit av dei “finaste” i folkemusikken vår. Melodien går både i moll og dur. Ungdomslaget si songgruppe er med på omkvede. Elles syng Kammerskoret til opning. Programleiarar for kulturkvelden er Gjertrud Samland og Turid Brekke. Til slutt syng Kammer-skoret oss ut i sommarnatti!

Vel møtt til kulturkveld fredag 6. juni. Som vanleg køyrer me to framsyningar, kl. 19 og 21, og med Gamlekara som oppfyringsband til begge førestillingane. Billettsal gjennom Gamalostfestivalen føreåt.

jb



Programleiarar på Kulturkvelden vert Turid Kristine Brekke og Gjertrud Samland

Konsert laurdag 7. juni

Under Gamlostfestivalen blir det konsert i Vik kyrkje klokka 1800. Konserten er eit samarbeidsprosjekt mellom Vik Musikklag, Gamlekara og Gygrene. Ideen til dette samarbeidet kom etter Magnolia-konserten på festivalen i 2024.

Under konserten i 2024 framførde Vik Musikklag to melodiar i lag med Magnolia. Det var og Bred dina vida vingar og Just a closer walk, dei to melodiane er med på konserten, men i år i lag med Gygrene og Gamlekara.

Elles er på repertoaret klassiske stykke og meir moderne, kjende melodiar.

Konferansier er Jens Brekke som byr på mange fargerike historier om folk og hendingar. Vel møtt til ei triveleg stund i Vik kyrkje.

KONSERTPROGRAMMET

Vik Musikklag: Aria og Trumpet Tune

Gygrene: Bring me little water og Silvy

Vik Musikklag: She

Gamlekara: Bourbon street parade og Storms never last

Gygrene: Her rodde vi i land

Vik Musikklag: Mister Boogie

Gygrene: From a distance

Gamlekara: Don't be cruel

Vik Musikklag: The rose

Gygrene: Goodnight sweetheart

Gamlekara: What a friend og I am free

Vik Musikklag: Besame mucho

Vik Musikklag og Gygrene: Bred dina vida vingar

Musikklaget, Gamlekara og Gygrene: Just a closer walk



Utedans på Torget laurdag 7. juni kl. 21.00

MUSIKK VED CRASHVILLE, KRUTRØYK OG EIN TE



Heile tre band skal spela på torget laurdagen under Gamalostfestivalen. Det er gruppene Crashville og Krutrøyk og vårt eige Ein Te.

CRASHVILLE

Crashville er eit country/rock band frå Ørsta som spelar fengande bygdemusikk om fest og livet på bygda. Etablert i 2007 etter inspirasjon frå bl.a. Vassendgutane. Dei spelar eigne låtar og coverlåtar og skaper skikkeleg bygdefeststemning. Sommaren 2021 kom dei med singelen «Pøbel» med musikkvideo filma på Esso-taket i Ørsta. Dette vart deira fyrste hit. Bandet utgjer gitar som elsker livet på bygda, traktorar og slitne gamle Volvo 240'ar. Følgeskaren vert då og kalla Pøblar. Album: Fyrste reis frå 2011 og Bygdefest frå 2022.



KRUTRØYK

Krutrøyk er og eit country/rock band frå Sunnfjord og etablert i 2000. Fyrste plata deira kom i 2023 og heiter og Krutrøyk, i 2006 kom plata Kuler og krutt og i 2009 Farande fant. Bandet har turnert store deler av Sør Noreg. Av låtar kan med nemna: Kallen med krag'en, Jaggu bli mi, Luta lei og Såg ei jente.

EIN TE

Vårt lokale band skal og spela på torget under Gamalostfestivalen, laurdag 7. juni. Alt ligg til rette for ein kjempekonsert og kjempeoppleving på Vikøyri denne laurdagen. Me hørde dei sist under musikklaget sin 90-års konsert, og me vart alle imponert over nivået til våre eigne.

Alle har musikken som hobby og sidan alle er i full jobb blir det lite av spelejobbar utanbygds. Dei har spelt til dans nokre gonger på Blix hotell og nokre bryllaup og private tilstellingar har det og vorte.

I bandet er Øystein Moseng, Birger Sjømæling Andresen, Reidunn Bolstad, Geir Svendsen, Geir Utmo og Håkon Nummedal. Det er fem frå Vik og Håkon er ny trommeslagar busett på Voss.

Me kryssar fingrane og ber om godt og varmt ver.



Godbit  **Dow**
Thai restaurant & takeaway
Sygnabit AS tlf. 41224133 www.sygn.no

TVEIT CAMPING

Vangsnesvegen 670 • 6894 Vangsnes
tlf. 91141879 • post@tveitcamping.no
www.tveitcamping.no



Kristianhus held ope

Kristianhus båt- og motormuseum ligg ved elvi Vikja og nord for Best stasjon. I bygget er det utstilling av båtmotorar og nokre båtar. I andre etasje er det og utstilling om Dei reisande med ein båt nytta av dei, og produkt laga av dei reisande, som knivar, kjøkkenreiskap og anna.

Turistinformasjonen held til i Kristianhus. På Turistinformasjonen blir det selt is frå Alm gard, gamalost og jus frå Vik Meieri, lokal-litteratur frå Vik og seinare på sommaren jordbær. Her kan og andre lokale produsentar få innpass.

Når cruiseturistane kjem til Vik vert dei losa gjennom bygningen, og bussane som skal frakta dei vidare står ved Kristianhus.

Her er og ei utstilling og info-stand om norsk oppdrett og moderne kystkultur. Stiftelsen for Kristianhus har fått Firda Seafood som eig anlegget på Tenne til å stå for dette. Utstillinga var ferdig sommaren 2022. Det er bilete og filmar, og der er ein stor laks i tre.

Ein verkstad er her framleis, det har vore nytta av skuleelevar som har valfaget Praktisk arbeid. Dei har reparert sykklar og skrudd på motorar.

I andre etasje er det ei utstilling om dei reisande. Der er ein båt som dei nytta. Det var slik at på Vestlandet reiste dei kringom i båtar, men på Austlandet for dei rundt med hest og kjerre. Ein kan og sjå ein del produkt laga av dei reisande.

I fyrste etasje held og utstillinga med båtmotorar til, eit utval av alle dei båtmotorane Kristian Otterskred samla. Det vil bli oppstart av motorar under Gamalostfestivalen.

Bilmønstring

Det vert ikkje organisert bilmønstring av veteranbilar og andre bilar ved Kristianhus denne Gamalostfestivalen. Men det er høve til å møta opp ved Kristianhus med bilar.



Ragnar skal koka gamalost

Ragnar Hove koka gamalost ved meieriet. Ragnar kan kunsten etter å ha gjort dette mange gonger. Ved å fylgja med på arbeidet, vil ein få innblikk i korleis gamalosten vart laga heime eller på stølane før. På biletet er Alf Reidar Dale i passiar med Ragnar. Foto: John Skogheim



*Gamlekara spelar til dans etter Kulturkvelden på fredag.
Foto: Studio 1 fotografene*

Fredagskafe om gamalosten

Fredagen under Gamalostfestivalen blir det Fredagskafe på Blix hotell kl 1130. Då vil gamalostmisjoneren Kristin Glück-Evensen og Synne Liljedahl fortelja om gamalosten. Kristin vil og bli med på Kulturkvelden. Som vanleg blir det kaffi og vafler, og det vil bli sett fram gamalost til å ha på vaflene. I lag med rømme og

cottagecheese er det kjempegodt. Musikkinnslag blir det og.



Vik Songlag held vårkonsert i Vikjahalli 8. juni kl. 17

Songlaget har dei siste åra hatt tradisjon for å ha sin årlege vårkonsert i samband med Gamlostfestivalen. Koret byr på eit variert program og har i vår øvt inn fleire nye songar som vert å høyre på konserten.

Koret har heile 38 songglade medlemmer. Songfellesskapet og songgleda gjer at både dirigenten, Tom Jarle Istad Kristiansen, og kormedlemmene har det kjekt på øvingane. Tom Jarle og koret har funne tonen og trivst godt i lag. Det kan eigentleg ikkje seiast ofte nok at alle i songkoret er glade for at Tom Jarle prioriterer å køyre til Vik annankvar veke slik at me kan møte på øving og synge saman. Songarar og dirigent gler seg til å presentere songane me har øvt på i vinter. Heldigvis får me fleire høve til å framføre nytt repertoar, 19. mai deltek koret på Vossagospel sin vårkonsert på Voss og 15. juni reiser koret til Lærdal for å delta på songarstemnet Norges Korforbund Sogn og Fjordane arrangerer i sognebygda.

Etter Gospelharmoni-samarbeidet med Vossagospel og Toneskredo, har kora hal-



Vik Songlag med dirigent Tom Jarle Istad Kristiansen. Foto: Studio 1 fotografene

de kontakten og planlegg eit nytt korprosjekt våren 2026 med musikal musikk som tema. Til hausten kjem Vossagospel på gjenvisitt til Vik og deltek på haustkonsert. Koret har og gjennom fleire år arrangert eigne julekonsertar og tradisjonen tru

arrangerer koret julekonsertar i byrjinga på desember i år og.

Koret øver annankvar torsdag i Vikjahalli og alle songglade er hjarteleg velkomne.



Hordaland SA avd. Vik



Kontakt oss på tlf. 57 69 59 44
Følg oss på Facebook og instagram, for tilbud og info
Monica, Vibeke og Kristin Anita

Kjærleik til frukt og bær



Din fagbutikk

når du treng varer, råd og rettleiing til opp-pussing eller nybygg. Bruk tidi di rett. Lat oss gjera jobben slik du vil ha det.

Me kan hjelpa med: • legging av golvbelegg
• sliping og lakking av golv • tapetsering, måling ute og inne

VIK FARGEHANDEL A/S

Nils Steinar Hove

Mobil 907 54 813 / Butikk 57 69 83 50

E-post: nils.steinar@vikfargehandel.no

Kulør
Vik Fargehandel AS

Tingsete Norsk Gamalostlag

Tingsetet vart laurdag 7. juni kl. 16.00 på Ostebaren.

Saker kan meldast inn til tingsetet, men det må skje innan 26. mai til: post@gamalost.no.

På tingsetet vil ein gå gjennom kva det har vore jobba med i året som har vore, i tillegg til vanlege årsmøtesaker. Det blir val og har du lyst å vera med i styret er du velkomen. Me oppmodar også i år alle som kan og vil stilla til val slik at me sørger for ostens framtid. Sakliste er årsmelding, val og evt innkomne saker.

Både medlemer og andre kan delta på årsmøtet. Påmelding på Gamalostlaget sin stand framfor meieriet under Gamalost-

festivalen. Om du ikkje rekk å melda deg på før, er du meir enn velkomen til å møta likevel. Deltakaravgift for ikkje-medlemer er kr 300. Det gjev automatisk medlemskap i Norsk Gamalostlag og 200 kr av deltakaravgifta går som årskontingent for 2025. Deltakaravgift for medlemer er 100 kr. For påmelding eller meir informasjon, kontakt Gamalostlaget via e-post: lei@gamalost.no eller Aud Slettehaug tlf 47375739

Merk og Fredagskafeen på Blix hotell fredag 6. juni kl. 11.30, sjå omtale annan stad i avisa.

Underhaldning ved meieriet frå kl. 12.00

Tradisjonen tru vert det underhaldning frå scena ved meieriet på laurdag føremiddag. Det vert song og musikk. Fleire lokale band har meldt seg på spelelista. Kulturskulen i Vik stiller sterkt med både med song- og danseinnslag.



Innviing av garderobebygget

Måndag 2. pinsedag vert det innviing av det nye gardero-bebygget med tribunar over på Vik stadion. Då vil det vera representantar til stades frå Vik kommune som er byggherre, og Sogn Sparebank og Montal som har bidrege mykje til realisering av bygget. Klubbhuset har vorte utbetra og der er komme nytt lagerbygg.

SERVICESKYSS

Frå dør til dør for alle som treng det

- Transporten må tingast på telefon 468 91 580 dagen før, innan kl. 14.00
- Serviceskyssen skal gi personar som har vanskar med å kome seg til næraste busstopp høve til å bli henta heime
- Serviceskyssen skal gi dei reisande høve til å utføre nødvendige tenester og sosiale tilbod på reisemålet
- Serviceskyssen skal gi eit tilbod i området der det ikkje går andre høvelege ruter
- Pris kr. 30,- kvar veg
- Kan og nytta skulebuss heim til busstakst. Bussen stoppar ved busshaldeplassar.
- Passasjerar til Myrkaskog og Espesete kan nytta skulebussen heim frå Vik kommunehus kl. 13.55.
- Passasjerar til Arnafjorden og Fresvik kan nytta skulebussen heim frå Flatbygdi skule kl. 14.05 eller Vik kommunehus kl. 14.10.

Rutetider Vik kommune:

	Ruta går	Til sentrum	Frå sentrum
Fresvik - Vik	Torsdag i partallsveker	09.00	12.30
Arnafjord - Vik	Torsdag i partallsveker	09.00	12.30
Myrkaskog - Halrynjo - Vik	Torsdag i partallsveker	10.00	12.30
Espesete - Vik	Torsdag i partallsveker	09.20	12.00

Under
Gamalostfestivalen
20% rabatt
på bunadssølv
og **30%** på ein del
andre varer

fjordsylv

6893 Vik i Sogn
post@fjordsylv.no Tlf.57695308

 Vik kommune
skyss 

KVAMSØY KYRKJE 750 ÅR

I pinshelgi 6.-8. juni vert det stor feiring av at Kvamsøy kyrkje er 750 år.

Laurdag 7. juni kl. 17.00 er det konsert i kyrkja med gregoriansk song ved Eyolf Østrem. Kari Malmanger syng folketonar og Hallgrim Skjerdal spelar hardingfele.

Sundag 8. juni kl. 12.00 vert det jubileumsgudsteneste der biskop Ragnhild Jepsen deltek. Balestrand Songlag er og med. Jubileumsoffer. Kyrjekaffi etterpå på fastlandet.

Kvamsøy høyrde til Vik til 1964. Øyi er sagt å vera den minste øyi med eigi kyrkje. Øyi var ein sentral plass då fjorden var ferdaveg fordi Kvamsøysundet er ei av dei beste naturlege hamnene i Sognefjorden. Her låg kong Sverre med flåten sin før han møtte kong Magnus Erlingson i slaget på Fimreite i 1184.

Det er ingi gudsteneste i Vik sokn i pinshelgi.



Utstillingsplass/stand

Standleige under Gamalostfestivalen: Eksterne seljarar 1200 kr, for medlemmer av Vik Næringssamskipnad 900 kr. Lokale handverkarar 500 kr. Gratis for lag og ideelle organisasjonar.

Kontakt Lars Hansen for påmelding eller informasjon tlf. 451 20 477 eller e-post: support@gamalostfestivalen.no

Vamp til Vik 23. august

Vamp har vore i Vik før, og dei likte seg så godt at dei vil koma att i august. Konserten blir på Nye Torget. Billetter på ticketmaster.



Leidulv Finden-naustet

Leidulv vil som vanleg ha ope naust på laurdagen under Gamalostfestivalen. Der er mykje artig å sjå av reiskap og anna, ein motor vil stå og tøffa, og det vil bli sal av verdens beste svele og kaffi.

KONSERT BLIX HALLI



Laurdag 07.06.25 kl. 18:00
Inngangsbillett: kr 300,- pr pers
Barn under 16 år: Gratis
Vipps nr: 850699

VIK MUSIKKLAG – GYGRENE – GAMLEKARA



Heimekampar 5. divisjon

- 16. mai Vik-Syril
- 9. juni Vik-Balestrand
- 17. august Vik-Askvoll/Holmedal
- 29. august Vik-Lærdal
- 14. september Vik-Førde 3
- 21. september Vik-Årdal 2
- 2. oktober Vik-Hafslo/Bjørn/Fanaråk 1
- 12. oktober Vik-Eikefjord/Florø 2

VELKOMEN TIL 52 SPREKE BUTIKKAR

Vårens mote finn du
i butikkane våre!

*Følg oss på
Instagram
og Facebook!*

AMFI
SOGNINGEN

AMFI SOGNINGEN | 10-19 (18) | amfi.no/sogningen

SPAR VIK

Sommer- TILBUD

VI FEIRER 10-ÅRSJUBILEUM MED KNALLGODE TILBUD
I PERIODEN 26. TIL 31. MAI. SE TILBUD PÅ SOME



9⁹⁰

VÅR FASTE
SOMMER-
PRIS!



Coca-Cola/Fanta/Sprite
0,33 l + pant
30,00/liter Førpris: 18,90

2 for
75⁰⁰



Ali kaffe
250 g



GAMMELOST-
FESTIVALEN

379⁰⁰

Gjelder kun
05.07-07.07

Gamalost frå Vik
TINE, mager
muggost, pr. kg

Alltid
**varm
MAT**

59⁹⁰

Fra vårt
varmeskap

Kyllingburger
120 g

Biffburger
100 g



Refsdal kraftstasjon 1913



Kraftstasjonen i Refsdal frå 1913 er restaurert som kulturminne og kan besøkjast søndagane under Gamalost- og Bringebær-festivalane kl 13 til 17 etter førehandspåmelding. Påmelding kan sendast



som SMS til mob. 905 72 820 seinast kl 11 dei gjeldande søndagane, eller i skranken på Turistinformasjonen. Begge desse dagane er det gratis inngang.


Inne i stasjonsbygningen kan du sjå det originale maskineriet frå 1913 og mange gjenstandar med tilknytning til kraftproduksjon, bilete frå restaureringa og andre illustrasjonar. Uteanlegget som består av inntaksdam, deler av den opphavelige røyr-gata og avlaupskanalen er lett tilgjengeleg i kort avstand frå bygningen. Difor kan ein raskt få god oversikt over korleis det heile fungerer. Det er ikkje like lett i moderne kraftverk der mykje av anlegga er skjult og

ikkje tilgjengeleg. Nytt difor høvet og ta ein tur til Refsdal desse dagane.

Utanom desse dagane kan du besøkja anlegget gratis på eiga hand. Du kan låna nøkkel på Turistinformasjonen. Vil du ha med guide vil det kosta noko avhengig av tal personar og transport. Ta kontakt med turistinformasjonen på Kristianhus for tilbod eller telefon: 911 30 843, e-post: post@sylvringen.no

Sylvringen as

Sylvringen as arrangerer gaida turar for grupper til kulturelle attraksjonar i Vik og har dyktige gaidar som kan ta dykk med på ein innhaldsrik kortare eller lengre tur til attraksjonar som Fridtjovstatuen, mellomalder-kyrkjene i Vik, gravhaugfelt, det verna området på Vikøyri, Refsdal kraftstasjon frå 1913, Tistel Gardsmuseum, Kristianhus Motormuseum samt prøvesmaking av gamalost og bringebærjuice ved Tine sin ostebar. Vi har dyktige gaidar som kan gi deg ei fin og interessant oppleving. Vi kan setja saman program og tidsplan etter gruppa sine ynskje og interesser, med eller utan inngangsbillett der dette blir kravd. Prisen vil vera avhengig av tal personar i gruppa, tidsbruk og eventuell transport. Ta kontakt med Turistinformasjonen på Kristianhus for tilbod eller telefon 911 30 843, e-post: post@sylvringen.no



R. Johnsen galleriet – Velkommen!

I galleriet i «Inger Randi butikken» på Øyri er det utstilling 7. juni under Gamalostfestivalen frå klokka 9.30. Foto, kunstbilde og mange spanande gamle bilde frå Vik. Bilde av Kjell Vikestad, Thomas Morel, Arild Thingvoll, Kjell Brekke (ny) og Helge Grønningsæter. Vi håper også å få med maleri som ukrainarar i Vik har laga. Det vert sal av lokalhistorisk litteratur, både bøker og Pridlao, og t-skjorter, handlenett og plakatar med dialektuttrykk.

Galleriet har ingen faste opningstider. Men det er berre å ta kontakt om du vil sjå nærare på bilda. Kontakt Helge 918 85 878 eller Kjell Vikestad 411 63 708. Det er hyggelig for oss å vise fram det vi har i galleriet!

Nettsider: Kjell V.: kav.smugmug.com, Helge: vikjakunst.no eller helgevikisogn.no, Thomas: **Thomas Morel photography** og Arild: **foto.no** (og søk på hans namn). R.Johnsen galleriet har ei nettside på Facebook: **@Johnsen galleriet**.



«Ospeskog» - Helge Grønningsæter

Hovemadonnaen

I 2022 kom kopien av Hovemadonnaen på plass i Hove steinkyrkje. Dermed har kyrkja fått ein ekstra attraksjon og er vel verd eit besøk. Det er høve til å sjå madonnaen laurdag og sundag under Gamalostfestivalen. Hovemadonnaen er plassert i koret.

Den originale madonnaen er i museum i Bergen og er rekna som eit høgdepunkt i norsk kyrkekunst frå mellomalderen. Gjenskapinga av Hovemadonnaen er gjort av Treskjærarverkstedet as og er vorte finansiert ved innsamla midlar av Hovemadonnakomiteen. Prosjektet og prosessen har vekt interesse i fagmiljø i inn- og utland.


Kom og sjå på madonnaen

Under Gamalostfestivalen vil Hove kyrkje vera open både laurdag og sundag frå kl. 11.00 til kl. 16.00. Då er det høve til å gå inn og sjå på den vakre kopien.



Bli med på fiskesommer!

En gratis fiskedag for alle barn



- Instruksjon fra erfarene instruktører
- Fine premier til alle barn
- Ingen forhåndspåmelding
- Husk redningsvest!

Arrangementoversikt finner du på fiskesommer.no

Dato: 19. juli 2025

Tid: Kl 12-14

Sted: Nese, Arnafjorden

Arrangør: Vik Jakt og fiskelag

Telefon: 91 70 59 88



Norges Jeger- og Fiskerforbund

SØLVKROKEN
TIL HVER HANDEL

GAMALOSTFESTIVALEN

KULTURKVELD

«Fram dansar ein haugkall»
med Ragnar Hove som haugkall



Her får du møta «Kjeringi mot straumen», sprelske ungmøyar og avblømde karar

Vikjahalli fredag 6. juni kl 19 og 21

Sjå omtale i Sommaravisa
Billettsal: www.gamalostfestivalen.no

Kulturminnedagar i Vik i september:

Om vevkunst og vevtradisjon

Vev som kunst og handverk har lange tradisjonar i Vik, Fresvik og andre Sognebygder. Kjerstina Hauglum Vangsnes, fødd i Fresvik i 1867, var eit stort namn i vevkunsten på slutten av 1800-talet og inn på 1900-talet. 22 år gamal laga ho ein stor biletvev av dei heilage tre kongar til den nyrestaureerte Hovekyrkja, på oppdrag frå sjølvaste Peter Andreas Blix. Teppet heng no i Bergen Museum. Sofie Rivedal i Vik vov biletvev etter Blix sine mønster.

Brita Hønsi frå Vik har laga teppet som prydar koret i nye-kyrkja i Vik. Det er godt dokumentert at Vik var eit senter og storprodusent av vevde tekstilar av ull og lin til m.a. segl og utstyr til vikingferder frå 800-talet og framover. Vevstolar var vanleg på gardane godt inn i moderne tid. Minne frå den tida i form av åkle, dukar og teppe finst att på vegger, i kister og skap kringom. Mange har bore handverket vidare og har skapt vakre vevvar. Kanskje på tide å finna fram både gammalt og nytt og heidra vevkunsten - og vevvarane?

Verdsarvparken og Fortidsminneforeninga i Sogn i samarbeid med Vik bygdekvinnelag og medlemmer i Vik Husflidslag vil invitera til ein festdag for vevtradisjonen i Vikjhalli, med utstilling av lokalt vevarbeid,



«Barnet og Engelen». Biletvev av Kjerstina Hauglum Vangsnes (f. 1867)

og foredrag om vev og vevtradisjonar av konservator Aud Ross Solberg, tidlegare leiar av museet på Kaupanger.

Arrangementet vert og Vik si markering av dei nasjonale kulturminnedagane i september. Dag og tid vert kunngjort


seinare. Gjer klar åkle, biletvev og kvitlar til ei stor og fargerik mønstring i Vikjhalli i september!



Fortidsminneforeninga
Sogn lokallag



2025
9.–10. august



Velkommen til Bringebærkommunen Vik



Sogn
SPAREBANK

accountor



SOGN
GRØNT AS



HIGHSOFT



Statkraft



Bringebærfestivalen



Opplegget blir mykje likt slik det har vore og slik det var i 2024. Norsk Bringebærfestival vart arrangert første gong i 2014 og er eit samarbeidsprosjekt mellom frukt – og bærmottaka i Vik kommune. Festivalen er ei markering av at Vik er den største bringebærkommunen i landet. Dei to siste åra har det vore vanskar med å få nok bærplukkarar frå

Aust-Europa. Dei siste åra har ein henta inn mange plukkarar frå Thailand. Det er lenge til festivalen, så alt i programmet er ikkje bestemt i skrivande stund.

Bringebærpris

På kvar festival vert det delt ut ein bringebærpris. I 2018 fekk Olav J. Bøtun frå Fresvik prisen. I 2019 vart det Sognabær som fekk prisen, og i 2022 var

det Tine Vik Meieri som fekk prisen. I fjor var det Lerum as som fekk utmerkinga. Det vart ikkje delt ut pris i 2024, men det vert spanande å sjå om nokon får prisen i 2025. Det blir gjeve til personar som har gjort ein stor innsats for bringebærdyrkinga i kommunen.

Rått, vått og røft

I 2018 fekk ein eit nytt tilbod

på festivalen. Det er ein konkurranse der bedrifter, vengjengar og familiar konkurrerer mot kvarandre i ei hinderløype med zipline og padling med SUP. Konkurransen føregår ved badestranda og stupetårnet i sentrum. Ziplina er frå stupetårnet og ned i vatnet, og det vert eit forfriskande bad på dei som har den etappen. I 2025 vert det nokre nye øvingar. Både i 2018, 2019 og 2022 vart Sognabær den råaste bedrifta, men i 2023 var det Kingas Dream Team som vann og i 2024 Omar sitt team. Arrangørane håper mange lag vil melda seg i 2025. Bedrifter, kameratgjengar og andre bør klara å stilla lag.

Verdas lengste bringebærdessert

Bringebær lagt i takrenner er måten ein klarer å setja verdsrekordar i bringebærdessertar. I 2018 kom ein opp i 70.8 m og i 2019 vart det ny rekord med 75.5 m. Ny rekord vart det og i 2023 og 2024. Etterpå vert desserten eten opp med vaniljesaus til.

Bringebærkaker

Bringebærfestivalen har hatt bakekonkurranse med kaker som sjølvsagt må innehalda bringebær. I 2024 var det ikkje bakekonkurranse. I staden var det ein av deltakarane på Bakekonkurransen på tv som kom til Vik og bakte kaker. Det var dei kakene det var høve til å smaka på Blix hotell på ettermiddagen på laurdag. Det blir jobba med å få til same opplegg i 2025. I tillegg vert det jobba med å få til eit bakekurs. Følg med på annonsering når festivalen nærmar seg.

Hovuddommar har vore kakespesialist Oddny Hønsi Ringheim som driv nettsida www.kakemonsen.no. Etterpå er det mogeleg å smaka kakene på Blix hotell.

Barneleikar

I 2025 vil det lagt opp til tilbod for barna. Kva aktivitetar det

vil bli, er under planlegging. Tidlegare har det vore mogeleg å få ri på hest, ansiktmaling og anna. Det vil bli høve til besøk på Steim Gard der dei har alpakaer, geiter og moskusender. Der vil bli gardsleikar, natursti og ein kan plukka sin eigen bringebærdessert. Det

er viktig at også barna skal få det kjekt på festivalen.

Torgsal

Som vanleg vil det bli standar der det vil bli høve til å kjøpa for det meste lokale produkt. Sjølv sagt kan ein kjøpa korger med bringebær, men også

honning, bringebærgele, bringebærsaft og andre produkt laga av bringebær. Vikja vil tilby sine produkt, ein vil kunne kjøpa sjømat og husflidsvarer. Her vil det bli høve for dei som lagar noko å by fram varene sine til festivalpublikummet.

Vil vite kjem

I fjor var Vil vite som held til i Sogndal eller Kaupanger til stades med ein stand. Dei kjem att i 2025 og tilbyr spennande aktivitetar og utfordringar.

Stand up i Vikjahalli

På laurdagskvelden kl 1830 vert det Stand up i Vikjahalli med Hildegunn og Leif Per. Sjå omtale annan stad i avisa. Etterpå er det arrangement på Blix hotell.

Båttur, rib-turar

Mb «Arnafjord» vil vera i Vik under festivalen, og det er mogeleg å få seg ein tur på fjorden. I 2022 leigde Sogn Sparebank båten under festivalen, og det er mogleg for

bedrifter å leiga båten for ein fjordtur.

Det er og høve å få ta seg ein rib-tur på fjorden. Sjå annonse annan stad i avisa.

Sponsorar

I 2023 og 2024 var Eik hovudsponsor for Bringebærfestivalen. Andre rause sponsorar var Accountor, Sognabær, Statkraft, Sogn Grønt, Lerum og Highsoft. I tillegg var fleire mindre sponsorar med. Sjå liste over sponsorar på heimesida. Ein spesiell takk og til Vik kommune og Sogn Sparebank. Stor takk og til Røyrvik Bygg for hjelp til desserten og til Blix hotell for hjelp til kakebakinga. Oppdater deg ved å fylgja med på heimesida: www.bringebaerfestival.no.

Bli med på Vått, røft og tøft

I år håper me at fleire enn bærplukkarar stiller lag. Få med eit lag frå bedrifti der du arbeider, kameratgjengen, grendi eller idrettsvener. Meld dykk på.



Erling Stadheim måler bringebærdesserten.



BRINGEBÆRFESTIVALEN

Laurdag 9. august kl. 22.00 på Blix hotell
TRUBADUR BJARNE NORDVIK



Billetter i døra: 100 kr
18 års aldersgrense

LINNBAD®
– frå Vik i Sogn

Me har fått ny nettbutikk! Her kan du som forhandlar bestilla varer sjølv – prøv då vel! forhandler.linnbad.no

Slit du med å logga inn? Send *ein e-post til nettbutikk@linnbad.no så hjelper me deg.

Er du privatkunde må du kontakta ein av forhandlarane våre ved kjøp: <https://www.linnbad.no/finnforhandler>

God sommar!

xl-bygg.no

Alt du trenger til ditt prosjekt

XI RØYRVIK BYGG & BETONG Tlf. 57 69 65 60

med **rasande Flinke** **straum** og slikt

HOLEN
INSTALLASJON

Årøyvegen 14, 6856 Sogndal | tel: 57 67 75 00
post@holen-installasjon.no | www.holen-installasjon.no

vikørsta
by Saferoad



Vi skaper trygge samfunn med lokalproduserte sikkerhetsløsninger

Vik Ørsta er det største enkeltsselskapet i Saferoad Group. Vi leverer produkt innfor marknadsområda Rekkverk, Bergsikring, Lysmast og Marina.

Vi er lokalisert i Vik i Sogn og i Ørsta på Sunnmøre. Les meir på vikørsta.no.

Agentbåten MS Arnafjord

SOMMAREN 2025

«Agenten» vert ogso i år å finna ved kai i Vik frå tidleg mai og utover sommaren. Etter vinteropplag ved kaien til museet på Kaupanger er båten no klar for nye eventyr.

For kvart år har båten vorte meir og meir populær til småturar. Om bord i MS Arnafjord har tida stått stille, alt er som det var i 1937. Salongen og agentlugaren er det svung over. Sameleis maskinrommet med den 2 sylindra 50 hk «Rubben», som er ein oppfyringsmotor med luftstart frå 1937.

Bedrifter og lag, men ogso familiar, har leigd båten for turar rundt om i Sogn. Populære reisemål for småturar har vore Finnden, Arnafjorden, Balestrand og Fjærland. Frå midt i mai vert båten å finna ved bryggja si i Vik.

Båten er eit flytande museum, og under Gamalostfestivalen og Bringebærfestivalen vert båten open for alle som har lyst til å ta ein titt ombord.

For prisar/-bestilling av turar, ta kontakt med Morten på tlf. 916 13 271 eller Sylvringen as på tlf. 911 30 843.



God sommar!

Helsing mannskapet på MS Arnafjord



Bli med Vik Adventure ut på eventyr!

RIB-turar
Guida fisketurar
Båttutleige
SUP utleige
El-sykkle utleige
Bilutleige
Utleige/sal fiskeutstyr
Fiskekort og meir!

Sjekk vår nettside for aktiviteter langs fjord og fjell!

booking@vikadventure.com

+47 91 70 59 88

+47 90 10 86 31

Gamle Trevaren

Tlf.: +47 91 70 59 88 / 90 10 86 31



Verdiskaping skjer i møtet!

Verdsarvparken har mange gode partnerar. Me er opptekne av å ta vare på verdiane og foredle dei resursane me har for framtida. Samarbeid er nøkkelen til levande bygder. Bli med!

Me deltek på Gamlostfestivalen 2025 - kom og snakk med oss!

Kontakt oss: tlf 95141438

www.naroyfjorden.no



**NÆRØY
FJORDEN**
VERDSARVPARK

Vik Hagelag

Vik Hagelag hadde årsmøte i mai og har framleis dette styret: Ola Hopperstad – leiar, Haldis Kløve Dregelid, Laila Sunde og Elisabeth Simone Kirk Olden-Wikestad.

Laget vart starta opp for tre år sidan og hadde fram til i fjor

eit interimstyre. Dei håper å få opp interessa for hagestell, få meir aktivitet og hagebesøk. Det er mange flotte hagar i Vik kommune.

I Vik kan ein bestilla omvising i hagen til Ragne Birte Lund i Juvik. I fjor var ein på besøk

i hagen til Magnar Tjønn, dei har svært mange georginar. Tove Helgås har og ein hage som er verd å besøkje. Vidare vil hagelaget samarbeida med biblioteket og kommunen om foredrag av hagekunnige folk. Det var soppkurs i fjor haust, og nytt soppkurs ved Nina Heiberg blir det 24. august.

Under Gamalostfestivalen vil hagelaget ha stand, og det vil bli høve til å byta planter. Borna vil og få utdelt solsikkefrø, og det vil bli konkurranse om å få høgast solsikke. Premiering vil bli under Bringebærfestivalen midt i august, slik som i 2024.



Vangen Elektriske



Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no

REIN TRIVSEL AS

er eit selskap som har spesialisert seg på reingjering av kontor, produksjons- lokale og private heimar.

Vår mål er nøyaktigheit, pålitelegheit og profesjonalitet.

Vi er her for å hjelpe deg – ikkje vent
ring **482 39 256**



E-post: post@reintrivsel.no
Nett: www.reintrivsel.no

DRIVKRAFT i Sogn.



Saman støttar me mangfaldet og breidda innan idrett, kultur, veldedige formål og andre gode tiltak med lokalt engasjement.

 Sygnir

 Sognekraft

 sognenett

Velkommen til besøkshage med kunst og kultur

Hagen ned til Sognefjorden midtveges mellom Vik og Vangsnes vart i ein større reportasje i juli nummeret av Norsk Hage Tidend i 2024, presentert som ein sjeldan symbolsk hage her til lands - og ein hage for kropp og sjel.

Saman med dei moderne utgåvene av «Hugin og Munin» på porten er me på ny dørpnarar til det unike hagelandskapet på tvers av kulturar med steinkunst og skulpturar, side om side med vekstar og blomar. Det heile speglar samspelet mellom men-

neskas indre kreativitet og dei ytre omgjevnader.

Fleire kunstobjekt frå forskjellige land, forsterkar også ynskje om å framheva felles symbol og universelle verdiar. Det er på sett og vis ein hage utan «grenser». Kreativitet og tidløyse er varemerket. Det er ein plass for å bli sameint med den store naturen.

Førespurnad om omvising for spesielt interesserte, mindre

grupper, gjerne også tilreisande frå inn og utland, kan rettast til Ragne Birte Lund på e-post ragnebirtelund@gmail.com. Adressa er Vangsnesvegen 522, 6894 Vangsnes

Nærare omtale og bilete samt kontaktopplysninger kan også søkjast på Norsk Hageselskap si webside om besøkshagar. <https://bakhagen.hageselskapet.no/hagestoff/besokshager/>



Gamalosten er vår sunnaste ost med under 1% feitt og senker blodtrykket og kolesterolet.

Vik pensjonistlag

Vik pensjonistlag har stand på Vikøyri under Gamalostfestivalen laurdag 7. juni. Me serverer kaffi og noko å bita i. Det blir høve til å prata med oss i styret om kva laget arbeider med og aktivitetane våre. Me orienterer også om medlemsfordelar du får ved å teikna deg som medlem. Velkomen til ein hyggeleg prat.

Styret i Vik pensjonistlag





Steim Gard har alpakkaer, moskusender og geiter. Garden tek imot besøk under Bringebærfestivalen.

Geithus VVS as

6863 Vik i Sogn

E-post: post@geithusvvs.no

Mob.: 950 41 606

Snakk med oss
om store og
små prosjekter

97 75 74 46 • byggfag.vik@byggfag.no

BYGGFAG
VIK



LANDS HUS

Byggfag Vik as

- Detaljhandel innen trelast og byggjevarer.
- Ferdighus, hytter og garasjer frå Lands As.
- Milwaukee og makita verktøy.

Tlf. 977 57 446 • E-post: byggfag.vik@byggfag.no

Cruisebåtar i Vik 2025

Fartøy	Ankomst	Avgang	Liggetid	Maks pax	Forrige havn	Neste havn
AIDAmar	17.04.2025 08:00	17.04.2025 18:00	09:59	2686	Bergen	Eidfjord
Borealis	28.04.2025 05:30	28.04.2025 19:30	14:00	1404	Eidfjord	Olden
AIDAdiva	07.05.2025 08:00	07.05.2025 18:00	09:59	2566	Bergen	Eidfjord
Amadea	15.05.2025 09:00	15.05.2025 18:00	09:00	620	Haugesund	Nordfjordeid
Renaissance	16.05.2025 07:00	16.05.2025 14:00	07:00	1258	Ålesund	Farsund
Borealis	24.05.2025 06:00	24.05.2025 20:00	14:00	1404	Newcastle Upon Tyne	Bergen
Costa Favolosa	27.05.2025 07:00	27.05.2025 17:00	10:00	3780	Nordfjordeid	Hamburg
Exploris One	03.06.2025 06:00	03.06.2025 20:00	14:00	144	Kirkwall	Nordfjordeid
AIDAdiva	04.06.2025 09:00	04.06.2025 19:00	09:59	2566	Måløy	Bergen
Hamburg	13.06.2025 06:00	13.06.2025 18:00	12:00	423	Rosendal	Olden
AIDAdiva	17.06.2025 10:00	17.06.2025 20:00	10:00	2566	Eidfjord	Skjolden
Seadream II	18.06.2025 08:00	18.06.2025 15:00	06:59	110	Bergen	Olden
Costa Favolosa	20.06.2025 08:00	20.06.2025 17:00	09:00	3780	Ålesund	Hamburg
AIDA Sol	23.06.2025 08:00	23.06.2025 18:00	09:59	2174	Haugesund	Måløy
Silver Dawn	30.06.2025 09:00	30.06.2025 18:00	09:00	596	Københavns Havn	Olden
Seadream II	30.06.2025 11:00	30.06.2025 22:00	10:59	110	Olden	Bergen
AIDAdiva	01.07.2025 10:00	01.07.2025 20:00	10:00	2566	Skagen	Skjolden
Marina	05.07.2025 10:00	05.07.2025 18:00	08:00	1250	Lerwick (Shetland Islands)	Ålesund
AIDAmar	08.07.2025 09:00	08.07.2025 18:00	09:00	2686	Olden	Kristiansand
Seven Seas Voyager	10.07.2025 10:30	10.07.2025 18:30	08:00	777	Stavanger	Ålesund
Clio	12.07.2025 11:00	12.07.2025 20:00	09:00	90	Ålesund	Bergen
Silver Dawn	14.07.2025 09:00	14.07.2025 18:00	09:00	596	Københavns Havn	Nordfjordeid
AIDAdiva	16.07.2025 09:30	16.07.2025 19:30	09:59	2566	Eidfjord	Københavns Havn
Renaissance	17.07.2025 12:00	17.07.2025 18:00	06:00	1258	Ålesund	Sandnes
Clio	20.07.2025 11:00	20.07.2025 20:00	09:00	90	Måløy	Haugesund
AIDAmar	27.07.2025 09:00	27.07.2025 18:00	09:00	2686	Olden	Kristiansand
Silver Dawn	28.07.2025 09:00	28.07.2025 18:00	09:00	596	Københavns Havn	Nordfjordeid
Seadream II	29.07.2025 13:00	29.07.2025 20:00	07:00	110	Rosendal	Ålesund
AIDAdiva	30.07.2025 09:30	30.07.2025 19:30	09:59	2566	Eidfjord	Københavns Havn
Silver Spirit	05.08.2025 09:00	05.08.2025 18:00	09:00	540	Københavns Havn	Olden
Seadream II	06.08.2025 08:00	06.08.2025 16:00	07:59	110	Kalvåg	Rosendal
Silver Dawn	11.08.2025 09:00	11.08.2025 18:00	09:00	596	Københavns Havn	Olden
AIDAdiva	13.08.2025 08:00	13.08.2025 18:00	09:59	2566	Haugesund	Bergen
Silver Spirit	17.08.2025 09:00	17.08.2025 18:00	09:00	540	Københavns Havn	Olden
Borealis	18.08.2025 06:00	18.08.2025 18:30	12:30	1404	Skjolden	Southampton
Artania	19.08.2025 07:00	19.08.2025 08:00	01:00	1260	Bremerhaven	Flåm
Clio	21.08.2025 11:00	21.08.2025 20:00	09:00	90	Ålesund	Bergen
Costa Favolosa	22.08.2025 09:00	22.08.2025 17:00	08:00	3780	Måløy	Hamburg
AIDAdiva	26.08.2025 08:30	26.08.2025 18:30	10:00	2566	Eidfjord	Haugesund
Costa Favolosa	28.08.2025 09:00	28.08.2025 19:00	09:59	3780	Nordfjordeid	Bergen
Clio	29.08.2025 11:00	29.08.2025 20:00	09:00	90	Måløy	Haugesund
Deutschland	01.09.2025 09:00	01.09.2025 18:00	09:00	552	Rosendal	Åndalsnes
MSC Preziosa	08.09.2025 08:00	08.09.2025 18:00	09:59	3959	Måløy	Stavanger
AIDAdiva	10.09.2025 08:00	10.09.2025 18:00	09:59	2566	Haugesund	Eidfjord
AIDAdiva	24.09.2025 08:00	24.09.2025 18:00	09:59	2566	Bergen	Eidfjord
MSC Preziosa	30.09.2025 08:00	30.09.2025 18:00	09:59	3959	Ålesund	Stavanger
Hamburg	02.10.2025 06:00	02.10.2025 18:00	12:00	423	Rosendal	Olden
AIDAdiva	08.10.2025 08:00	08.10.2025 18:00	09:59	2566	Bergen	Eidfjord
AIDAbella	16.10.2025 08:00	16.10.2025 18:00	09:59	2500	Bergen	Eidfjord
AIDAdiva	22.10.2025 08:00	22.10.2025 18:00	09:59	2566	Bergen	Eidfjord

49 dagliggende		72.577
1 transit		

Musikkmesser i Hove steinkyrkje

Det vert musikkmesser fem onsdagar i sommar: 25. juni, 2. juli, 9. juli, 16. juli og 23. juli.
Ansvarlege er Arne Olden-Wikestad og Vidar Vikøren.

I tillegg vert det konsert sundag 22. juni kl 1800. Då vil Vidar Vikøren framføra «Den vesle orgelmessa» av Johann Sebastian Bach. Dette er ei tilarbeiding av Luthers katekismesongar. Ei samansett korggruppe vil syngja Luther-salmane før Bachs komposisjon. Gratis inngang.

Vik Musikklag treng nye medlemer

Vik Musikklag strevar med rekrutteringa og treng fleire utøvarar. Har du spelt eit instrument før, anten i skulekorps eller i andre korps, bli med i korpset. Har du ikkje spelt før, så vil musikklaget tilby begynnarpplæring. Du vel sjølv instrument. Musikklaget har øving ein gong i veka, på tysdagar kl 1930 i Notestova. Vik må ha eit korps, ein 17. mai utan korpsmusikk kan me ikkje tenkja oss.

Ta kontakt med dirigenten Olav Fjærestad, tlf 90918094 eller møt opp i Notestova.



ALT DU TRENG FOR Å VERA SYNLEG I MARKNADEN
FINN PRODUKT OG PRISAR PÅ **PRINTFARM.NO**



30 ÅR MED TRYKK DU BLIR GLAD I



Yvonne Aga Romøren // Kreativ leiar
tlf: 480 74 405
e-post: yvonne@printfarm.no

Øyvind Aga // Dagleg leiar
tlf: 906 08 544
e-post: oyvind@printfarm.no

printfarm.no / post@printfarm.no / 57 66 23 60 / printfarm

På Vangsnes og Vetløyri Senter

**Båtdiesel, smøreolje, diesel
til landbruk og anlegg**



Tlf. 95 27 32 91



CE Skreddarsydd
isolasjonspanel til kjølerom,
fryserom og næringsbygg.
100% norsk.

**Marknadsleiar på
kjøle- og fryserom til butikk**

- Kort monterings tid – lås i alle overgangar
- Kvalitet frå produksjon til ferdig montert

Diskutere prosjekt? Ring oss på 57 69 83 00

Fresvik Produkt | N-6896 Fresvik | Tlf. 57 69 83 00 | post@fresvik.no fresvik.no



Tlf. 57 69 85 80
post@bystol.no

Utbygging av Vik aktivitetspark

I 2021 tok Vik idrettslag eit ekstra initiativ med sikte på å realisera ein del tiltak/bygg i Vik aktivitetspark. Bystøl AS vart engasjert til å utarbeida forprosjekt med kostnadskalkylar. Rapporten vart ferdig i mai 2021, og presentert og drøfta på årsmøte 2021. Rapporten omfattar følgjande tiltak:

- Rehabilitering av eksisterande klubbhus
- Garasje-/lagerbygg ved Vik stadion
- Garderobe-/tribunebygg

Styret i idrettslaget har arbeidd med saka etter årsmøtet i 2021. Det vart gjennomført fleire møte med Vik kommune, og det vart sendt eit omfattande innspel til kommunen sitt budsjett for 2022 og økonomiplan for 2022-2025. Realisering av tiltaka har teke noko lengre tid enn det var lagt opp til i kommunen sitt budsjett for 2022. Noko av realiseringa vart difor flytta til 2023, og seinare også til 2024. Arbeidet med rehabilitering av det gamle klubbhuset og bygging av nytt garasje-/lagerbygg vart fullført i 2023.

Arbeidet med garderobe-/tribunebygget starta (endeleg) opp

før jul 2023. Høgare kostnader enn lagt til grunn i Vik kommune sitt budsjett gjorde at saka måtte til ny politisk handsaming. Idrettslaget gjekk også ein ekstra runde med Sogn Sparebank, og fekk auka bidraget frå dei til inntil 1 mill. kroner. Tribunedelen av prosjektet var dermed fullfinansiert med midlane frå Sogn Sparebank. I tillegg har Montal AS bidrege med 150 000 kroner som rabatt i anbudsprosessen. Også dette bidraget kjem idrettslaget direkte til gode.

Arbeidet med garderobe-/tribunebygget har teke vesentleg lengre tid enn forventa, men er ved inngangen til sesongen 2025 klart til å takast i bruk. Tribunedelen var i bruk også deler av sesongen 2024.

Idrettslaget er godt nøgd med utviklinga i aktivitetsparken, og takknemleg for Vik kommune si positive innstilling til alle tiltaka. Bidrag frå alltid velvillige sponsorar, Sogn Sparebank og Montal AS har også vore heilt avgjerande for realiseringa.

Etter ein lenger utbyggingsperiode går ein no over til ein

meir normal driftssituasjon. Nye og rehabiliterte bygg og fasilitetar skal takast i bruk og driftast på ein god måte som tek vare på bygga og hindrar unødvendig slitasje og hærverk. Vik kommune og Vik idrettslag har inngått avtale om stell av anlegga i aktivitetsparken. Styret er opptekne av å få til gode

rutinar som sikrar god avklaring og skilje mellom aktivitetar knytta til idrettslaget sin bruk av anlegga til sportsleg aktivitet, og aktiviteten knytta til driftsavtalen med Vik kommune.

Oddbjørn Ese
-leiar Vik IL-



Vik Adventure utvidar tilbodet

Vik Adventure som held til i Gamle Trevaren på Vetleøyri tilbyr ein rekke aktivitetar til tilreisande og bygdefolket. Dei har 2 ribbåtar som kan ta 12 personar pluss mannskap. Ribbturar til Arna-fjorden og Finnabotnen er svært populære, men dei køyrer og innover fjorden til Fimreite, Lærdal, Flåm, Gudvangen og Solvorn.

Fiskebåten deira «Øien» tek små grupper på inntil

6 personar pluss kaptein på guida fiske- og sightseeing-turar i nærområdet. Dette er populært for barnefamiljar.

Nytt i 2025 er utleige av elsyklar og guida sykkelturnar i samarbeid med det lokale guideselskapet Sylvringen. Elles leiger dei ut båtar, bilar, SuP og fiskeutstyr. Fiskebutikken deira er open i høgssesongen frå juni til august.



Rugby i sommar

VIK SANDRUGBY 2025 – HYV DEG RUNDT OG BLI MED!

Laurdag 5. juli samlast me i sanden mellom kunstgrasbana og Vik stadion. Her skal det spelast rugby som inkluderer alle, med og utan kontakt: U16, herrar, damer og miksa lag med «tag rugby». Sistnemnde er ope for alle, uansett alder, kjønn eller erfaring.

ME YNSKJER ALLE VELKOMNE – TURISTAR, KOMPISLAG ELLER BEDRIFTSLAG.

Om du ikkje har lag – bli med i «players pool». Ta kontakt med Mike Pride (45870880) eller send ei melding til Vik IL Rugby på facebook eller instagram.

LYST Å PRØVE RUGBY FØR TURNERINGA? KOM PÅ TRENINGAR!

Alle er velkomne til **rugbyleik/tag rugby for alle aldersgrupper kl. 19.00 på torsdagar**, i aktivitetsparken (på sand eller bane kjem an på vør og kva som er ledig).

Følg Vik IL Rugby på facebook, instagram og spond: TRHSB, for meir info.



R.Johnsengalleriet

@Johnsengalleriet (Facebook)
Vikjakunst.no / 918 85 878
helge234@gmail.com



Berdal Røyr & Sanitær

☎ **91 82 26 23**

📞 **95 04 80 44**

Vik Apotek

OPNINGSTIDER:

Mandag-fredag 08.45-16:15

Torsdag: 09:30-16:30

Laurdag 10:00-13:00

Vik Camping

6893 Vik i Sogn
Telefon 57 69 51 25

VIK APOTEK

Røysavegen 2, Vikjatunet
6893 Vik i Sogn
Tlf. 57 69 83 83
E-post: vik@dittapotek.no



Men Hildegunn var ikkje død

Mellom 1998 og 2010 snudde dei opp ned på heile underhaldningsbransjen med ei blanding av absurd og kvardagsleg humor. Hugsar du kanskje TV-reklamane med «Steikje fine gardine»? No er Hildegunn og Leif-Per Moltubakk tilbake.

Det er komikarane Ørjan Liavåg og Fredrik Steen som står bak dei eksentriske humorfigurane, som første gong dukka opp i NRK P1 i 1997. Gjennom faste, vekentlege rapportar frå «kvardagslivet på Sunnmøre» fekk dei mang ein lyttar til å klø seg i hovudet: For var dette på alvor – eller var det berre tull? – Vi ville lage noko heilt nytt den gongen, og var heilt bevisste på at figurane skulle balansere hårfint mellom realisme og fiksjon, seier Fredrik Steen (55), som fekk det ærefulle oppdraget å kle seg ut som kvinne. – Det er framleis gøy å vere Hildegunn, men eg kunne klart meg utan all sminka. Eg fattar ikkje at damer orkar! ler Fredrik.

STORHEITSTID

Då dei gamle gymnaskompi-sane tok figurane sine til scena i 1998, visste ingen av dei kva som venta. Det vart fulle kulturhus frå nord til sør, og radio- og TV-opptredenar i alle kanalar. Då dei la figurane på is i 2010, hadde over 170 000 nordmenn sett showa deira. No er dei altså tilbake – til jubel frå både publikum og presse. Etter premieren på comeback-showet i Ålesund i fjor haust har meir enn 13.000 publikummarar løyst billett til showa, og sidan har dei turnert land og strand. Og laurdag 9. august kjem radarparet frå Sunnmøre til Vikjahalli med det nye showet sitt – og Bringe-bærfestivalen er medarrangør



Foto: Jon Andresen

og står for sal av mat og drikke. – Hadde de de venta ein slik suksess etter at figurane har lagt på is i såpass mange år? – Nei, det var ei gledeleg overrasking. Men vi kan nok takke pandemien for at figurane fekk nytt liv. Vi måtte jo finne på noko då alt stengde ned, så vi byrja å teste ut live-streams på Facebook og YouTube. Det vart populært, og no har vi jammen helde på med podkast i tre år, fortel Ørjan Liavåg (55), som spelar den gitarspelende og ordsterke drosjesjåføren Leif-Per Moltubakk.

UTAN KRINGKASTINGSORKESTRET

Sunnmørsposten ga showet terningkast fem og skreiv: «Meget tekststerke, helt på hugget med timing og med tydelige og svært gode karakterer.» Showet har fått namnet «UTAN Kringkastingsorkestret», noko som ikkje har gått ubemerka hen – heller ikkje hos Kringkastingsorkestret. – Vi har gjennom mange år lagt merke til kor flinke Kringkastingsorkestret er til å samarbeide med «alle andre». Men no

er Hildegunn fornærma over at KORK aldri tok kontakt, då ho ville foreslå eit samarbeid. Så difor turnerer Hildegunn og Leif-Per no UTAN Kringkastingsorkestret. – KORK har til og med byrja å kommentere Facebook-innlegga til Hildegunn. Det er jo heilt fantastisk. Målet vårt er klart: Ein dag skal Hildegunn og Leif-Per stå på scena saman med dei!

DOBBELTNAMN I FARE

Sunnmøringar er kjende for gode dobbeltnamn som Terje-Per, Marit-Else og Grette-Gunn – og Hildegunn og Leif-Per har varsla at dei no aktivt jaktea på nye når dei er på turné. – Ja, om det finst nokon i Vik med gode dobbeltnamn, og dei tør gi seg til kjenne under showet, må dei rekne med å bli tøysa med, ler Fredrik. – Kva er dei beste dobbeltnamna til no? – Vi har mange sterke kandidatar, men Arne Egon, Rune-Rasmus og Borghild-Svanhild ligg heilt i toppen!



Konsert Nyetorget med Vamp



Fredag 22. august kl. 19.00.
Dørane opnar kl. 18.00.

Billettar: 530 kr og under 12 år: 16 kr
Billettsal: ticketmaster.no

Vikjahalli – klar for Gamalostfestival og nye eventyr!



Storsalen i Vikjahalli - med nyslipt golv og nytt lys.

Arbeid med fornying og opprusting av Vikjahall har pågått i vel eitt år, og resultatet er synleg og merkbart både utvendig og innvendig: Skifertaket over den gamle delen frå 1910 er teke ned, reinvaska, og lagt på att med snøfangarar mot takras.

Dei gamle ytterveggene har fått isolasjon og ny kledning. Den ærverdige storsalen frå 1910 har fått ei ansiktsløfting med nyslipt og nylakka golv, opprydding i tekniske installasjonar og nye lys og lamper. Og ikkje minst: isolasjon i tak og vegger som gjer salen til ei lun storstove for heilårsbruk. Renovering av wc-avdelinga i kjellaren

pågår for fullt, og er venta bruksklar utpå sommaren.

Storsalen er klar for fest og feiring, konsertar og teater, og aller først Gamalostfestivalen 2025. Festivalen i år tjuvstartar laurdag 31. mai med Mari Askvik og gruppa «Sølv» i Vikjahalli. Dei kjem med tonar og tema frå folkemusikken, og då passar det bra med «Gygrene» som oppvarmingsband.

So kjem sjølve festivalhelga i pinsen med m.a. kulturkveld fredagen og konsert søndag 1. pinsedag med Vik songlag, begge i Vikjahalli.



Og laurdag 9. august kjem Hildegunn Moltubakk og Leif-Per, så det er berre å glede seg.

Kanskje gjer Vikjahalli come-back som kinosal til hausten, i samarbeid med Bygdekinoen?

Ottar Wiik

Attraksjonane i Vik

Hopperstad stavkyrkje

Stavkyrkja er frå 1130. Open frå mai til september med guiding.

Hove steinkyrkje

Steinkyrkja er frå ca 1170. Open frå midt i juni til midt i august. Guiding. Kan bestilla vising der utanom skuleferien.

Moahaugane

Ni gravhaugar på terrassekant på Hove. Gangveg forbi. Infotavle.

Fridtjovstatuen

22 m høg statue på Vangsnes av sagnhelten Fridtjov den frøkne. Gåve frå keisar Wilhelm II i 1913. Infotavle. Fin park rundt.

Vikøyri

Gamal strandsitjarstad, tettbygd område i sentrum mellom elvane. Skilta kulturløype. Kan bestilla guiding på Turistkontoret. Er laga hefte om Vikøyri.

Kristianhus Motormuseum

På Vikøyri ved utløpet av elvi Vikja. Noregs største samling av gamle båt-motorar. Også nokre båtar og utstyr. Utstilling om dei reisande. I same bygget er Turistinformasjonen.

Gamalt kraftverk i Refsdal

Viks fyrste kraftverk frå 1913 er restaurert. Ope for synfaring og orientering under festivalane. 10 km frå sentrum til Refsdal.



Tistel gardsmuseum

Garden Tistel ligg 6 km frå sentrum i retning Voss. Der er det gardsbruk, campingplass og fleire gamle bygnin-gar. Inne i dei gamle husa er det gards-museum, med mange gamle gjenstan-dar. Ta kontakt for omvising, tlf. 95 23 09 25.

Finden, Finnabotnen, Strendene

Veglause grender vest for Vik og Arnafjorden. Høve til overnatting og servering. Rutebåt måndag, onsdag og fredag. Mange fråflytta grender mellom Nese og Ortnevik. Gangveg mellom grendene.

Skredstova

Bygg med minnetavle og informasjon om skredulukka på Nese i 1811 som kravde 45 menneskeliv. 27 km frå Vik.

Kulturløype Feios

Start i Osen med info om fleire kulturminne som bl.a. Hjelsengstova, skulehu-set på Helleland, smia på Brennene og meir. 19 km frå Vik.

Mensen Ernst

I Fresvik er det minnestein over den største langdistanseløparen til alle tider, Mons Monsen Øyri frå Fresvik. 35 km frå Vik.



HIGHSOFT



FOLINETEC

www.folietec.no

Skilt
gruppen



SBM

SBM as (tidlegare Sogn Bygg og Montasje as) leverer totalentreprisar, delen-treprisar, prosjektering, materialar og utføring innanfor stål- og næringsbygg, fasadar og betongarbeid.



Festivalen vert arrangert 24.-26. juli.
Om artistar og billetter, sjå heimesida
til festivalen: fresn.no



Bygg og anleggsarbeid med Montal



**Sogn
SPAREBANK**

Lokalbank ved di side.
Aurland Lærdal Vik Sogndal Årdal Bergen



Vik Pensjonistlag

- TURAR OG ARRANGEMENT 2025

Vik pensjonistlag hadde det siste ordinære medlemsmøtet sitt denne våren den 30. april. No står sommaren for døra, men det betyr ikkje at laget vårt tek heilt ferie i dei lyse sommarmånadene som ligg framføre oss.

Sommaren er også tid for reise og avkobling, og i år kan me tilby tre turar for pensjonistane våre. Den 21. mai kryssar me Vikafjellet og besøker Voss. Der har nok dei fleste vore før, men mange vikjar har nok heilt sikkert til gode å ta fjellheisen frå sentrum opp i høgda til Hanguren over vakre Voss. Me inviterer gamle og nye medlemmer på fjelltur i friluftsåret 2025 og til etterfølgjande middag på kinarestauranten på Voss etterpå, alt til svært gunstige prisar.

Den andre turen er ein tur med tre overnattingar som i år går til Telemark. Denne turen startar 23. juni og kostar berre kr 6990,-. Då får du med deg hjarta av Telemark med Rjukan og Vemork. Ein av dagane står Telemarkskanalen på programmet. Det er med guide på heile turen. Dette er dagar du som pensjonist lyt få med deg.

Den tredje og siste bussturen går Lustrafjorden rundt den 10. september med stopp på verdsarvkyrkja på Urnes som eitt av høgdepunkta. Ferjeturen med miniferja «Urnes» er i seg sjølv ei ugløymeleg oppleving. På sørsida får du sjå Kroken med det gamle kultursenteret Munthehuset som også i mange år tente som «jenteskule» eller det som



Styremøte på Ostebaren i Vik pensjonistlag. Frå venstra Lilly Bjørnstad, Gerd Tveit, Kari Vold Olsen og Kjell Bergfjord.

seinare vart heitande husmor-skule. På Sørheim ligg det vesle Lerummuseet som også er verdt eit besøk.

Det fjerde sommartilbodet vårt står også i friluftsårets teikn. Då inviterer me vikjane med til Målsethytta til glede og fest den 27. august. Då byr me på stølskost og program både ute og inne der me også samarbeider med Vik turlag om opplegget.

Desse sommaropplevingane må du få med deg, og dei er

opne både for gamle og nye medlemmer. I den grad det er ledige plassar, kan alle bli med. Til slutt vil laget orientera om at Vik pensjonistlag feirer 55 år den 26. november og planlegg feiring på julemøtet. Nestleiarer Helga Hjetland frå Pensjonistforbundet sentralt er invitert til å bli med denne dagen.

For å orientera om aktivitetane og om kva Vik pensjonistlag arbeider med kan du treffa oss på stand på Vikøyri under Gamlostfestivalen den 7. juni.

EIENDOMSMEGLER NORGE - NYBYGG



Øenmarki

Seks nye sjøveigarleilegheiter med balkong midt i sentrum av Vik.
Utvendig parkeringsplass.

1-2 soverom • 63-77 m² BRA
Pris fra kr 2 550 000 + omk.

TA KONTAKT FOR
MER INFORMASJON

**Eiendomsmegler
Norge**

Kenneth Bjørk
Eiendomsmegler, Sogndal
T.: 907 30 648
E.: kenneth.bjork@emvest.no



**Graving - muring - transport
Ring oss om ditt uteprosjekt**

Svein Hønsi 95 24 44 12 · Eirik Stadheim 99 45 72 29



FOSSE

Maskin & transport AS

6893 Vik i Sogn

post@fossemaskin.no

Tlf. 975 02 809 - 907 55 185



Fosse Maskin og Transport AS er din lokale entreprenør.

Me utfører det meste av tenester innan bransjen, og leverer sand, singel, pukk og stein frå eige steinbrot, etter ynskje frå kunden.

Ta kontakt!

Godkjent bilverkstad / Dekkforhandlar

Me utfører service, PKK, feilsøking og reparasjonar på lette køyretøy! 12 mnd. veghjelp er inkludert i servicen.

TOSTELS AUTO AS

Limmesand - 6893 Vik i Sogn
Telefon: 57 69 77 99



MECA
CAR SERVICE



Arkitektfirma Jon Vikøren as

6893 Vik i SOGN Tlf. 57 69 89 50 WWW.ARKJV.NO

post@arkjv.no



KVALITET KOMPETANSE KREATIVITET

HALSET

ENTREPRENØRSERVICE AS

6893 VIK I SOGN

NATURSTEIN GRAVING TRANSPORT

TLF. 41 61 18 82 - 90 91 26 21

**Me ordnar IT
-du fiksar resten!**

sognenett it

Telefon: 482 18 888 | www.sognenett-it.no

E-post: post@sognenett-it.no

SOGNEFJORD GJESTEHEIM PÅ VANGSNES
- EIN SLIK STAD SKAL EIN VERA!

Enkeltrom med frokost frå kr 1390
Dobbeltrom med frokost frå kr 1690
Tlf.: 473 34 630

VELKOMEN!



WE FIX

**Originalservice
EU-kontroll på dagen
Drop-in**

CARFIX

Tlf: 57 62 30 00 • vik@carfix.no



Vik Rekneskap AS – Godkjent rekneskapsselskap
Organisasjonsnummer: 979 868 626

Blomster til alle høve! – Spør oss!



Syrstrand Gartneri a.s
Leikanger - Tlf 57 65 19 10

Bech arkitekter
909 20 966



Djuvik Camping
6894 Vangsnes

Mobil 911 41 878
E-post: post@djuvikcamping.no
www.djuvikcamping.no



**Med skybasert rekneskap får
du tid til overs**
– tid du kan bruke på det du vil

Accountor Sogn

Tlf: 57 69 58 96 | e-post: sogn@accountor.no

account+or

EIN GOD MEDSPELAR
- for kundane våre i alle livsfaser
og situasjonar. Me set vår æra
i å finna gode løysingar kring
økonomiske val.

Søkjer du gode råd og løysingar på dine forsikrings –
eller bank behov, kontakt oss på telefon 56 52 35 00 eller
send ei e-post til post@vekselbanken.no.

Me er opptatt av å vera tilgjengelege og har ope kontor.
Alle dagar frå kl 09:00 til 15:00.

Du er hjarteleg velkomen innom.



vekselbanken
Ein god medspelar

SOGNE FJORD

KIROPRAKTIKK

Vårt mål er å redusere smerter,
fremje helse og auke livskvalitet.

Lokalt tilbud i Vik og Leikanger:

- Kiropraktikk
- Individuell trening
- Råd og rettleiing

Ta kontakt:

sognefjordkiropraktikk.no
post@sognefjordkiropraktikk.no
48 87 08 82



Me hjelper deg gjerne!

MENSEN ERNST MINNELØP 2025

Laurdag 28.juni



Bli med på Noregs trivelegaste mosjonsløp

www.mensenernst.org

Me inviterer dykk alle til eit arrangement med fokus på rørsleglede,
personleg meistring og god stemning i Fresvik 28.juni!

Distansar:

- Barneløp (400m)
- Barnevognløp (400m)
- Rullestølløp (400m)
- Paris-Moskva (1,5 km)
- Munchen-Nauplia (3,5 km)
- Istanbul-Calcutta (6,5 km)
- Mot Nilen sine kjelder (12 km)
- Stafett (4 etappar på 1,5km, 2km, 3km og 5,5km)

Starttider:

- 10.30 - Opning av sekretariatet
- 12.00 - Opning av arrangementet
- 12.30 - Barnevognløp
- 12.35 - Barneløp
- 12.45 - Rullestølløp
- 13.00 - Fellesstart alle distansar + stafett


Påmelding på www.mensenernst.org



MASKINENTREPRENØR:

Stokkebø Maskin AS driv bla. med:

- Brøyting
- Vegvedlikehald
- Boring/sprenging
- Dyrking
- Vegbygging
- Tomter
- Massetransport
- Salg av stein, singel, pukk og grus.



Statkraft

Vedlikehaldsgruppa

Vikfalli

6893 Vik i Sogn

Telefon Vikfalli - 905 53 715